

# Dagbehandling – innspel frå arbeidsgruppa

Dagbehandling skal både redusere symptom og plager samt bidra med kunnskap til å meistre. Dagbehandling går føre seg på ulike arena alt etter behov og type teneste. Dagbehandling er ofte eit samarbeid mellom personen sjølv, pårørande og tilsette. Dagbehandlingstilbodet i Volda kommune blir utført av seksjon Førebygging og rehabilitering og seksjon for Utetenester i Rus og psykisk helseteneste.

## Dagens situasjon

Fokusområdet til seksjon førebygging og rehabilitering er både førebyggjande, helsefremjande, behandlande, habiliterande og rehabiliterande arbeid. Ergoterapitenesta dekkjer også funksjonane; hjelpemiddelansvarleg, synskontakt og hørselskontakt. Målgruppa for fysio- og ergoterapitenesta er alle innbyggjarar i Volda kommune frå 0-100+ år.

Frå 01.01.18 vart det innført direkte tilgang til fysioterapi og fjerning av sjukdomsliste. Det vil seie at ein kan ta direkte kontakt med fysioterapeut utan å gå via lege. Fysioterapeutane opplever ein jamn etterspørsel etter tenester og handterer ventelister etter gjeldande prioriteringsnøkkel. Ergoterapitenesta opplever å ha lang venteliste, og den er aukande.

Frisklivssentralen har to avdelingar, ei i Hornindal og ei i Volda sentrum. Frisklivssentralen har tilbod om strukturert og tidsavgrensa oppfølging knytt til fysisk aktivitet, ernæring og snus- og røykeslutt, og er ein viktig samarbeidspartner for personer som vil endre levevanar, og slik jobbe med tidlig innsats og førebyggjande grep med fleire brukargrupper.

Seksjon utetenester er ein del av avdeling rus og psykisk helse og tilbyr oppfølging i omsorgsbustader, ambulerande tenester i bustad gjennom døgnet, dagsenter og arbeidstreningsgruppe.

Kommunen erfarer at stadig fleire søker hjelp eller blir tilvist med vanskar knytt til rus og/eller psykisk helse, så etterspørselen etter tenestene generelt, og utetenestene spesielt, er aukande. Utetenestene tilbyr dagbehandling til brukarar med rusproblematikk og psykiske helsevanskar, for eksempel gjennom samtalar, eksponerings- og miljøterapi, legemiddelassistert rehabilitering (LAR). Ein har førebels rimeleg kort ventetid.

## Utfordringsbilete

### Førebygging- og rehabilitering

Fysio-ergoterapitenesta ser i tida framover fleire utfordringar innan ulike fagfelt, ikkje minst når det gjeld barn/unge og eldre. Fokus på tidleg innsats og førebyggjande arbeid er sentralt på alle felt. Forventninga i samhandlingsreforma om meir og større ansvar kring ulike brukargrupper ut i kommunane, får følger for oss alle. Tenesteområda får stadig fleire oppgåver. Kommunene har mellom anna fått eit mykje større ansvar for

hjelpemiddelformidling. Det vil i nær framtid vere behov for større lokale til hjelpemiddel for korttidsutlån og NAV-hjelpemiddel.

I følgje Samhandlingsreformen skal stadig meir av rehabiliteringsarbeidet gå føre seg i kommunane. Det tek tid og ressursar å bygge opp eit tilbod som skal dekke dei ulike nivåa i rehabiliteringspyramida. Som grunnlag for dette arbeidet er det viktig å ha på plass ei velfungerande koordinerande eining. Det vil også vere naudsynt i større grad å samordne dei to avdelingane i Frisklivssentralen, for å meistre å utvikle sentralen i ei felles retning.

Folkehelsekoordinator er organisatorisk plassert i helse og omsorg, men mykje av folkehelsearbeidet skjer utanfor helse- og omsorgssektoren og ein skulle jobba tettare saman med andre sektorar, då mykje av dette arbeidet i dag blir gjort på eiga hand eller i samarbeid med andre folkehelsekoordinatorar i 7\* samarbeidet.

### **Rus og psykisk helse**

I tråd med samhandlingsreforma er behandlingssopphalda blitt kortare i spesialisthelsetenestene og fleire oppgåver vert søkt løyste i kommunen. Arbeidet med brukarar med omfattande og samansette behov krev betre samhandling mellom tenester og tenestnivå. Kommunen må jobbe med å styrke samtidighet i samhandlinga på alle nivå. Brukaren sin kunnskap og behov skal vere ein sentral faktor i utforminga og utøvinga av tenestene. Volda kommune må jobbe vidare med å sikre tilgang til ressursar og spesialiserte tenester som er naudsynte for å ivareta forpliktingane i samhandlingsreforma.

Med auken i tilvisingar må kommunen i større grad etablere effektive gruppetilbod til brukarar med lettare psykiske og/eller rusrelaterte problem, slik ein kan hjelpe fleire. Ein må kritisk vurdere korleis ein skal disponere ressursane for å sikre best mogleg tilbod til alle innbyggjarane i kommunen.

Rusreformutvalget har fått i oppdrag å forbetre gjennomføringa av regjeringa si rusreform (NOU 2019: 26, Rusreform – fra straff til hjelp). Ansvar for samfunnet sin reaksjon på bruk og besittelse av illegale rusmidlar til eige bruk skal overførast frå justissektoren til helsetenesta. Forslaget inneberer at kommunane får plikt til å etablere ei ny teneste/eining, forankra i helse- og omsorgstenestelova. Dette vil vere nye oppgåver som vil krevje ekstra ressursar.

Det er vidare laga eit nytt lovforslag med felles reglar om tvang og inngrep utan eige samtykke i helse- og omsorgstenesta (NOU 2019: 14). Utgangspunktet for lovforslaget er å sørge for at tvang ikkje blir brukt oftare eller i større omfang enn nødvendig. Ein er bekymra for at utvalet har hatt eit einseitig fokus på tvangsbegrensning, og underkommunisert at tvang nokon gongar er den beste løysinga for pasienten. Med bakgrunn i dette er kommunen uroa for ytterlegare å bli utfordra på oppgåver som skal og må løysast i kommunen der ein møter alvorleg sjuke brukarar med komplekse og samansette problem.

## Utvikling i planperioda

### Førebygging og rehabilitering

Fleire eldre må bu heime og meistre kvardagen mest mogleg sjølvstendig dersom helsetenesta i framtida skal vere berekraftig. Fysio- ergoterapi, kvardagsrehabilitering og friskliv kan bidra til å gjere andre helsetenester berekraftig gjennom førebygging og tilrettelegging. Dette kan utsette behov for institusjonsplass og omfattande heimetenester. Gjennom tidleg rettleiing av brukar og pårørande, samarbeid med andre tenesteområde, kan det leggjast til rette i heimen og motiverast til deltaking i sosial og fysisk aktivitet. Eit viktig primærførebyggjande tiltak i dette arbeidet er førebyggjande heimebesøk for alle åttiåringar. Dette tilbodet bør utviklast vidare med tilbod om vidare oppfølging.

For heimebuande eldre med begynnande funksjonsvikt er trening, med fokus på styrketrening og balande det tiltaket som har vist seg å ha best effekt.

Opptrappingsplanen i rehabilitering krev at kommunen har eit tilbod innan heile rehabiliteringsfeltet (jf. rehabiliteringspyramiden). Satsing på kvardagsrehabilitering og rehabilitering i institusjon (Klokkarstova) er berre ein del av dette feltet. Ein har i tillegg heimebuande brukarar som har behov for spesifikk tverrfagleg rehabilitering. Rehabilitering på dette nivået er mangelfullt i Volda kommune per i dag, og det blir ofte jobba meir fleirfagleg enn tverrfagleg opp mot brukarane. Innan rehabiliteringsfeltet er det naudsynt å etablere ei velfungerande koordinerande eining (KE) både på system og individnivå; med overordna ansvar for arbeidet med individuelle planar, opnemning, opplæring og rettleiing av koordinatorar.

Friskliv skal romme tilbod både for vaksne og barn/unge, og ein må tidleg i planperioda få på plass ein samarbeidssarena der alle bidreg og arbeidar i same retning.

Kvardagsrehabilitering bør vere eit vurdert alternativt for alle som søker helse- og omsorgstenester, eller på andre måtar tek kontakt med helsetenestene etter funksjonsfall. For å oppnå best mogleg effekt av KDR må ein tilstrebe å opprettehalde intensiv innsats i løpet av ei avgrensa tidsperiode. Det bør difor vere 4-5 treningsøkter i veka.

Kvardagsmeistringstankegangen skal ligge til grunn for alle helse – og omsorgstenester. Ein ser at det blir forventa at KDR skal dekke alle dei tre nedste nivåa i rehabiliteringspyramiden. Det er i framtida viktig med ei differensiering der alle tenester tek ansvar for å legge til rette for kvardagsmeistring for sine brukarar.

### Rus og psykisk helse

God psykisk helse må fremjast og ivaretakast på tvers av seksjonar, avdelingar og sektorar og samarbeidet mellom sektorene må utviklast vidare og styrkast. Ulike faggrupper må samarbeide i eit fellesskap med andre hjelparar, som saman kan bidra til å styrke kvalitet og kompetanse i det tverrfaglige arbeidet innan psykisk helse og rus. Det er viktig at kommunen tenkjer heilskapleg når dei skal førebyggje rus og psykiske helseplager eller lidingar. Det er ikkje alltid det er behov for helsetenester.

Førebygging og tidleg innsats er det viktigaste satsingsområdet innan rus og psykisk helse. Det må skapast ein heilskapleg innsats i arbeidet med utanforskap, på tvers av sektorar.

## Innspel frå arbeidsgruppa

Det må vidare satsast på utvikling av lågterskeltilbod, der ein har fokus på eit mindre spissa tilbod med innhald av fleire aspekt som brukargruppa vil ha behov for.

Når ein bygg opp ei sterkare førsteline, må det også føre til ei tydlegare arbeidsdeling mellom tenestenivåa. Saman kan dei tilby samtidige tenester, og bidra til kvarandre sin kompetanse. Fagpersonar i kommunen treng eit betre nettverk, meir samtidighet og større grad av felles ansvar.

Involvering av pårørande i behandling og utvikling av tenestetilbodet vil vere viktig både av omsyn til pårørande og til brukaren sin situasjon. Treffpunkt for pårørande bør etablerast som eit fast tilbod i kommunen.

## Forslag til prioriteringar i planperioda

Dagbehandling	Årleg driftskostnad	Gjennomføring
Utvikle samarbeid mellom ergoterapeutane og driftsteknikarane rundt hjelpemiddellager		2021
Oppretthalde/vidareutvikle tilbod om førebyggjande heimebesøk for 80-åringar		2021
Etablere arbeidsgruppe rundt folkehelse		2021
Marknadsføring og profilering av frisklivssentralen		2021
Fallførebygging for eldre		2021
Etablere rehabiliteringsteam i heimen (spesifikk tverrfagleg rehabilitering i heimen)		2021
Ressursauke seksjon førebygging og rehabilitering	2 årsverk fysioterapi, 2 årsverk ergoterapi	2022-2031
Styrking av KDR	0,4 årsverk sjukepleiar, 0,6-1 årsverk fagarbeidar	2022-2027
Digital samhandling!  Utvikle gode samhandlingsrutiner.  Kompetanseheving  Ta i bruk ny teknologi		2021
Etablere eit fast tilbod om pårøranderettleiing/kveldar i rus og psykisk helse		2021

Innspel frå arbeidsgruppa

Etablering av lågterskeltilbod i gruppe		2022-23
Rask psykisk helsehjelp		2022-23